



Statens vegvesen Region vest  
Inge Alsaker  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1818 - 16/14898

Saksbehandlar:  
Hogne Haugsdal  
Hogne.Haugsdal@lindas.kommune.no

Dato:  
03.06.2016

## Søknad om forskottering – planlegging og prosjektering av opprusta E39 gjennom Knarvik sentrum i Lindås kommune

Rådmannen viser til møte mellom Statens vegvesen og Lindås kommune 26. april vedrørende framdrift, finansiering og ansvarsfordeling når det gjeld forarbeid til opprusting av E39 gjennom Knarvik sentrum. Møtet ble gjennomført på bakgrunn av synspunkt til organisering fremja i brev frå Statens vegvesen. Kjell Erik Myre, Inge Alsaker og Svein Rosseland har vore kommunen sine kontaktpersonar hjå Statens vegvesen Region vest.

Opprustinga omfattar ny oval rundkjøring i kryssa der dagens Shell-stasjon ligg, utbygging av E39 til 4-felt mellom Hagelsundbrua og nemnde rundkjøring, samt enkelte mindre tiltak knytt til tiltak for gåande og syklande og tilpassing til eksisterande vegnett. Prosjektet er tiltenkt bompengefinansiert gjennom Nordhordlandspakken, og er foreslått som 6. prioritet av prosjekta i denne pakken. Lindås kommune har nylig vedtatt en større plan for revitalisering og byutvikling i Knarvik, og i denne planen er det til dels strenge restriksjonar knytt til omfang av utbygging før nemnde ovale rundkjøring er på plass. Lindås kommune har derfor ei stor eigeninteresse i å sikre tilfredsstillande framdrift på dette arbeidet, slik at utvikling av Knarvik sentrum ikkje stoppar opp.

Bompengesøknaden er ikkje handsama av Stortinget enno, og det er derfor ikkje tilgjengelige midlar til eit plan- og prosjekteringsarbeid for denne delen av Nordhordlandspakken, slik at prosjektet kan realiserast i samsvar med den prioritet det er gitt i avtalen om Nordhordlandspakken.

På bakgrunn av dette er det semje mellom Lindås kommune og Statens vegvesen om at Lindås kommune skal ta på seg arbeidet med tilrettelegging av prosjektet for utbygging. Denne tilrettelegginga vil både omfatte et detaljreguleringsarbeid, for sikre alle muligheiter for grunnverv, og eit detaljprosjekt som grunnlag for utlysning av e utføringsentreprise for hele prosjektet eller splitta i utbyggingstrinn. Dette planleggings- og prosjekteringsarbeidet er grovt kostnadsberekna til mellom 10 og 12 millionar kroner.



Rådmannen i Lindås kommune sender med dette søknad om forskottering for finansiering av planleggings- og prosjekteringsarbeidet knytt til opprusting av E39 gjennom Knarvik sentrum på inntil 12 millionar kroner.

Rådmannen er gitt fullmakt til å forskottere desse utgiftene gjennom vedtatt økonomiplan 2016 - 2019. I kommunestyremøtet 18.06.15 (sak 60/15) blei det vedtatt ein plan for kva rolle kommunen skal ta i gjennomføringa av områdeplanen for Knarvik sentrum. Mellom anna skal kommunen aktivt jobbe vidare med utbyggingsavtaler, prosjektering av grunnleggjande infrastruktur, planarbeid og utgreiingar knytt til parkering. For å komme i gang med utviklingsarbeidet blei det sett av kr 25 mill. i økonomiplanperioden. Dette vil i hovudsak bli nytta til planlegging, prosjektering og direkte investering. Midlane kan også nyttast til forskottering av større infrastrukturprosjekt. Det er ein føresetnad for eventuell forskottering at kostnader innanfor denne ramma blir refundert når Nordlandspakken eventuelt blir vedtatt av Stortinget.

I lys av dei avgrensingane dagens rekkefølgekrav legg på utviklinga i Knarvik sentrum, ber vi om at Statens vegvesen prioriterer denne søknaden, slik at arbeidet kan starte snarast mogleg.

Med helsing

Hogne Haugsdal  
ass. rådmann

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER